

**SAK 44/21 SØKNAD OM STØTTE TIL MOBILT FERDIGHEITSSENTER I SAMBAND MED SJUKEPLEIARUTDANNING PÅ TORPOMOEN****Saksopplysing:**

Ål kommune har som vertskommune for USN si sjukepleiarutdanning, søkt økonomisk støtte til husleige og utstyr i samband med oppstart av denne utdanninga som startar på Torpomoen i haust. Sjå vedlegg.

Det er søkt opp støtte til husleige på kr. 140 000 pr. år i 4 år	kr. 560 000
Møbler og utstyr på eit øvingsrom:	kr. 170 000
Bekkenspyler og oppvaskmaskin:	kr. 120 000
Totalt:	kr. 850 000

Det betyr kr 430 000 i 2021 og kr 140 000 dei neste 3 åra.

**Vurdering:**

Regionrådet har tradisjonelt gitt økonomisk støtte til regionale utviklingstiltak og i liten grad gitt støtte til drift og investering. Sjølv om det ikkje står noko spesifikt om dette i Regionrådet sine vedtekter, seier formålsparagrafen at ... «Rådet skal arbeide for utvikling av regionen med særlig vekt på noen prioriterte satsingsområder» Det å etablere desentraliserte utdanningstilbod innan både på høgskulenivå er heilt klart eit av desse prioriterte satsingsområda.

I denne saka er det søkt støtte til driftsutgifter i form av til husleige i 4 år og så er det søkt støtte til utsyr og møbler i samband med etableringa på kr. 390 000 som ein eingongssum. Dette kan reknast som eit investeringstiltak.

Regionrådet har i sine budsjett driftsmidlar til å dekke eiga drift, fondsmidlar der nokre midlar er «frie» og dei fleste er disponert, og midlar til å gjennomføre strategisk plan (kr. 800 000) Ein kan argumentere for at dei omsøkte midlane er utviklingsmidlar som må på plass for å få i gong tiltaket, men ein kan også si at dette er reine drifts- eller investeringsmidlar som bør dekkast av andre enn regionrådet.

Hallingdal har ingen felles rutine på korleis ein dekkjer husleigeutgifter på ulike interkommunale samarbeid. I nokre av samarbeidstiltaka blir husleige dekka av vertskommunen, mens andre samarbeidstiltak fordeler husleigeutgiftene på dei kommunane som deltek. I dette tilfelte, meiner dagleg leiar at husleige i fire år er rein drift, og at dette må dekkast av andre enn Regionrådet.

Når det gjeld møbler og utstyr til eit øvingsrom, er det lettare å argumentere for at dette er kostnader til utvikling, eller tiltak som må på plass for å få tiltaket i drift. Dagleg leiar meiner likevel at dette er kostnader som ligg utanfor det Regionrådet skal bruke midlar på.

Om Regionrådet ønsker å innvilge søknaden er det er det mogeleg å nytte «strategisk plan- mid- lar» på dette. Det vil då utgjere ca 20% av denne potten i 4 år. Det er også mogeleg å nytte Næringsfond eller andre ledige fondsmidlar, men dagleg leiar vil ikkje tilrå dette. Om ein opnar for å finansiere av drift og investering gjennom regionrådet kan det bli mange slike søknader utover. Då er det betre å halde seg til den praksisen som har vore der Regionrådet finansierer ulike utviklings- og etableringstiltak gjennom forstudie/forprosjekt, kompetanseutvikling, nett- verksbygging, mobilisering/tiltaksarbeid osb.

**Forslag til vedtak:**

Regionrådet for Hallingdal avslår søknaden frå Ål kommune om økonomisk støtte til husleige og utstyr i samband med oppstart av sjukepleiarutdanninga på Torpomoen.

Hallingdal, 27. mai 2022

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar

**Vedlegg:**

Søknad om støtte til sjukepleiarutdanning